



Arkivnr: 2014/560-414

Saksbehandlar: Silje Lyngstad

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---------------|--------|------------|
| Fylkesutvalet | | 29.05.2019 |
| Fylkestinget | | 12.06.2019 |

Vedtektsendringar for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval

Samandrag

Ungdommens fylkesting fekk sitt reglement inkludert i Delegasjonsreglementet til Hordaland fylkeskommune etter vedtak i fylkestinget 11.06.2014. Her vart det stadfesta at vedtekten til Ungdommens fylkesting berre kan endrast av det ordinære fylkestinget.

Ungdommens fylkesting 2019 vedtok forslag til vedtektsendringar 17.02.2019. Forslag til vedtektsendringar frå Ungdommens fylkesting 2019 vert presentert i denne saka.

Forslag til innstilling

Fylkestinget vedtek reviderte vedtekter for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Bertil Søfteland
leiar fylkessekretariatet

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 26.03.2019

Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval har fått utforma eit reglement, som ein finn i Delegasjonsreglementet til Hordaland fylkeskommune s. 11, og har sine egne vedtekter som styrar dei interne prosedyrane. Både reglement og vedtekter kan berre verte endra på fylkestinget, og når det gjeld vedtektena er dette heimla i §5 Endring av vedtekter:

«5. 1 Fylkestinget i Hordaland har mynde til å endre vedtektena for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval. Vedtektena kan likevel berre endrast etter forslag frå Ungdommens fylkesting. Forslag til vedtektsendring vert vedteke ved 2/3 fleirtal.»

Ungdommens fylkesting 2019 vart halde 15.-17. februar. Der vedtok Ungdommens fylkesting, med 2/3 fleirtal, slikt vedtak:

«Vedtak

Vedtektena for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval vert endra slik (endringane er markert ved overstryking og kursiv):

§ 2 Ungdommens fylkesting

- 2.12 Ungdommens fylkesting avhaldas ein gong i året og skal arrangerast innan utgangen av februar, så lenge Ungdommens fylkesutval ikkje bestemmer noko anna.
Ein må vera delegat for å inneha tale-, forslags-, og røysterett. Ungdommar som ikkje er delegatar, men som er sende få kommunane er å rekne som observatørar. Dei stillar med talerett, men ikkje forslags- og røysterett.
Gjestar og innleiarar som er spesielt inviterte har talerett, men ikkje forslags- og røysterett.
Øvrige møtande som ikkje er invitert er å rekne som tilskodarar og har ikke tale-, forslags- eller røysterett.
- 2.17 Ungdomsråd og alle mellom 15-14 og 20 år i fylke kan melde inn saker til Ungdommens fylkesting. Saker skal meldast inn til Ungdommens fylkesutval seinast 5 veker før Ungdommens fylkesting. Ungdommens fylkesutval bør m.a. bruke media for å nå ut til ungdomane i fylket.

§ 3 Ungdommens fylkesutval

Samansetting

- 3.6 Ungdommens fylkesting vel sju medlem til Ungdommens fylkesutval, det blir i tillegg valt fem varamedlem. Medlemane av Ungdommens fylkesutval skal veljast frå delegatane på Ungdommens fylkesting. Ungdommens fylkesutval skal bestå av ungdom mellom 15-14 og 20 år som har tilknyting til fylket i den aktuelle valperioden. Ein person som fyller 21 år det året Ungdommens fylkesting vert halde kan dermed ikkje stille til val. Ein person som fyller 20 år kan ikkje bli vald til eit toårig verv.»

Vedlagt finn de vedtektena der endringane er markert. Tillegg står i kursiv og det som er fjerna er markert med overstryking.